

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 9. mai 2022 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 400 på HF-bygget

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap) Daniel Jung (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Ragnhild Lie Anderson (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Tonje Waldersnes, Vegard Fotland og Sissel-Karin Leknes Torsvik (studentrepresentantar)

Studieadministrasjonen ved LLE stiller som observatørar.

### Saksliste

UUI-sak 5/22: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 6/22: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Om personvernomsyn og RETTE .....	1
Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar .....	2
Orienteringssak 4: Søkjartal 2022 .....	2
Orienteringssak 5: Studiekvalitetskomiteen ved HF .....	2
UUI-sak: 7/22 Drøftingssaker .....	3
Drøftingssak 1: Gjennomføringstal på LLE .....	3
Drøftingssak 2: LLE2022 .....	3
Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver .....	3
UUI-sak 8/22: Ymist .....	3

### UUI-sak 5/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 6/22: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Vedlagt. Godkjent på sirkulasjon etter førre møte.



#### Orienteringssak 2: Om personvernomsyn og RETTE

Personvernombodet ved UiB, Janecke Veim, fortel om personvernomsyn i masteroppgåver og RETTE.

## Orienteringssak 3: Status for fagmiljø og studentar

Alle UII-medlemmane får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

## Orienteringssak 4: Søkjartal 2022



## Orienteringssak 5: Studiekvalitetskomiteen ved HF

Det humanistiske fakultet har ein studiekvalitetskomité som handsamar mellom anna dei femårige programevalueringane. Komiteen er leia av Heming, som orienterer.

## UUI-sak: 7/22 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Gjennomføringstal på LLE

Nokre fag har god tilgang på studentar, andre fag har mindre tilgang på studentar. Når det gjeld rekruttering, har vi avgrensa moglegheiter til å påverke dette direkte, men det er sjølvsagt relevant å vite i kva grad dagens studentar søker seg til faga våre. Tala for gjennomføring viser i kva grad vi greier å halde på motivasjon og interesse hos studentane. Dette kan vi påverke i møtet med studentane både i undervisning, rettleiing, utvikling av studietilbodet, etc. Gjennomføring er viktig for å utvikle kompetanse, men ein skal heller ikkje legge skjul på at det er viktig for økonomien.

Heming har sendt ut følgjande spørsmål til fagmiljøa:

1. Kva tendensar ligg det i tala?
2. Korleis kan fagmiljøet bidra til å styrke positive og motverke negative tendensar?
3. Kva har tala å seie for fagmiljøets interne fagstrategi?

Dette er noko fagmiljøa bør diskutere. Programstyret vil til dømes vere eit relevant forum for slike diskusjonar. Heming kjem til å ta kontakt med fagkoordinatorane enkeltvis berre for å snakke litt om overordna tendensar. Heming innleier.

### Drøftingssak 2: LLE2022

Målsetjinga med LLE2022 er at vi skal ha samsvar mellom undervisningsressursar og undervisningstilbod. Korleis ligg vi an i høve denne målsetjinga? Heming innleier.

### Drøftingssak 3: Rutine for innlevering av masteroppgåver

Vi har hatt nokre tilfelle der det har blitt innlevert masteravhandlingar utan at rettleiar har vore informert om innleveringa. Vi har også hatt tilfelle der det har vore mindre rettleiing enn ønskeleg. Det er eit krav at masteravhandlingar skal vere rettleidde. Rettar og plikter for student og rettleiar framgår av rettleiingskontrakten.

Vi ønsker å trygge at det har vore kontakt mellom rettleiar og student før innlevering av masteravhandlinga. Vi vil derfor innføre denne rutinen:

Når ein student leverer masteravhandlinga, tar studiekonsulenten kontakt med gjeldande rettleiar på e-post med følgjande spørsmål: *Kan du som rettleiar for student NN stadfeste at du er kjent med og innforstått med at avhandlinga blir levert for vurdering inneverande semester.*

Heming innleier.

## UUI-sak 8/22: Ymist